



NO FÅR DU FRIKORT UTAN Å SØKE OM DET

- Frikort for helsetenester kjem i posten automatisk etter at du har betalt 1880 kroner i eigendelar.
- Har du betalt for mykje, blir dette tilbakebetalt automatisk.
- Ta vare på kvitteringar for eigenkontroll.

Frikortet i posten automatisk

➤ Frikort for helsetenester

Betaler du meir enn 1 880 kroner i 2011 i eigendelar for behandling, pasientreiser eller medisin på blå resept, har du krav på frikort for eigendelstak 1.

Ved å vise fram frikortet, slepp du å betale eigendelar resten av kalenderåret.

➤ Du skal ikkje søke om frikort

1. juni 2010 blei det innført ei ny ordning der eigendelar for helsetenester automatisk blir registrert av behandlarar og tenesteytarar. Når du har passert eigendelstaket, blir frikortet sendt til di folkeregistrerte adresse innan tre veker. Frå 2011 vil alle eigendelar bli registrert automatisk, også eigendelar frå pasientreiser med rekvisisjon.

➤ Utfør eigenkontroll

Du får frikortet i posten saman med ei oversikt over alle eigendelar som er registrert på deg. Samanlikn desse opplysningane med dine egne kvitteringar, og kontroller at alle eigendelane er med.

Har du spørsmål om eigendelar i frikortet ditt, ring **Frikorttelefonen på 815 70 050**.

**Ta vare på kvitteringar
for godkjente eigendelar.**





Frikortet ditt kjem
i posten automatisk.

Alle eigendelar
frå pasientreiser
blir no registrert
automatisk.

Eigendelar frå pasientreiser

Eigendelar frå pasientreiser inngår i grunnlaget for å få frikort. I 2011 blir alle eigendelar frå pasientreiser registrert automatisk. Dette gjeld både for reiser som er gjort med og utan rekvisisjon. Ta likevel vare på kvitteringane, og kontroller at alle eigendelane er med når du får frikortet i posten.

► Ordnar du pasientreisa sjølv?

Dersom du ordnar og betaler for reisa sjølv, må du framleis fylle ut eit reiserekningsskjema i etterkant for å få refundert reisekostnadane. Når reiserekninga di blir registrert, vil du bli trekt for ein eigendel. Eigendelen blir registrert automatisk i grunnlaget for ditt frikort.

Reiserekningsskjema med rettleiande informasjon får du hos lege eller annan behandlar. Du kan også laste det ned på **www.pasientreiser.no**

Ved spørsmål om pasientreiser, sjå **www.pasientreiser.no** eller ring 05515.

Alle eigendelar blir no registrert automatisk. Kvitteringskortet for eigendelar er ikkje lenger i bruk.

Viktig å vite

- Det blir ikkje registrert diagnose, medisin eller sjukdom ved automatisk registrering av eigendelar. Du kan reservere deg mot ordninga ved å kontakte Frikorttelefonen i HELFO. Då må du sjølv samle kvitteringar og søke om frikort hos HELFO.
- Den automatiske frikortordninga gjeld berre eigendelstak 1. Du må sjølv søke om frikort for eigendelstak 2, som blant anna gjeld fysioterapi og enkelte former for tannbehandling. Ring Frikorttelefonen eller sjå **www.helfo.no/frikort** for informasjon om kor du skal sende søknaden.
- Frå juni 2010 overtok HELFO (Helseøkonomiforvaltninga) ansvaret for frikortordninga frå NAV. HELFO er ein ytre etat under Helsedirektoratet som har ansvaret for sentrale helserettar for befolkninga, slik som automatisk frikort.